



Rogaland fylkeskommune
Postboks 130
4001 Stavanger

Vår dato:
17.08.2020

Vår ref:
2019/8869

Dykkar dato: Dykkar ref:

Kontakt saksbehandlar
Trond Olav Fiskå, tlf. 51 56 88 69

Fråsegn - høyring av Utviklingsplan for Rogaland (Regional planstrategi for perioden 2021-2024)

Lovgrunnlag

Å vedta regional planstrategi er ei lovpålagt oppgåve med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 10-1 som lyder slik:

«Regional planmyndighet skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide en regional planstrategi i samarbeid med kommuner, statlige organer, organisasjoner og institusjoner som blir berørt av planarbeidet.

Planstrategien skal redegjøre for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringer, vurdere langsiktige utviklingsmuligheter og ta stilling til langsiktige utviklingsmål og hvilke spørsmål som skal tas opp gjennom videre regional planlegging.

Den regionale planstrategien skal inneholde en oversikt over hvordan de prioriterte planoppgavene skal følges opp og opplegget for medvirkning i planarbeidet.

Kongen kan gi forskrift om innholdet i og opplegget for de enkelte delene av den regionale planleggingen.»

Fylkesmannens vurdering

Den regionale planstrategien er eit viktig strategisk dokument der fylkespolitikarane skal prioritere fylket sitt planarbeid i den komande valperioden.

Rogaland Fylkeskommune har gjennom mange år vore svært aktive og landsleiande i utarbeiding av ulike typar fylkesdelplanar og regionalplanar. Å vedlikehalde og vidareutvikle dette planverket er utfordrande og ressurskravande. Prioritering av nytt planarbeid og vurderingar knytt til kva planar som skal rullerast og avviklast er utfordrande og viktig for vidare utvikling av fylkeskommunen og Rogaland.

Utarbeiding av strategien skal ta utgangspunkt i fylkets behov for regionale planar og skal også gi grunnlag for å ivareta nasjonale og regionale interesser. Vi viser i den samanhengen også til Miljøverndepartementets rettleiar om kommunal- og regional planlegging frå 2012 der det om dette



står at; «*Regionale statsetater bør vurdere og kommentere om strategien ivaretar mål og hensyn som er gitt i nasjonale retningslinjer og nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging innenfor egen sektor*». Med utgangspunkt i våre sektorinteresser har vi etter dette følgjande merknadar til det oversendte forslaget:

Generelt

Fylkeskommunen føreslår å kalle planstrategien for Utviklingsplan for Rogaland. Det gir ei meir folkeleg beskriving av dokumentets innhald og funksjon og er eit godt namn. Planstrategi er likevel det formelle namnet på dokumentet og me rår dykk til å redigere namn og framside slik at dette kjem tydelegare fram.

Å lage ein plan for vidare regionalt planarbeid – planstrategi – er det einaste plandokumentet fylkeskommunen no er direkte pålagt å lage etter plan- og bygningslova. Det er ikkje eit krav at det skal utarbeidast visjonar og konkrete mål for samfunnsutviklinga på dette planstadiet, slik vi tolkar lova er det opp til fylkeskommunen kor konkrete og detaljerte målformuleringane skal vera i planstrategidokumentet. Intensjonen med planstrategiarbeidet er godt ivaretatt og det styrker dokumentet at målsettingar er konkretiserte utover dei formelle minstekrava.

Folkehelse

Fylkeskommunen skal ha nødvendig skriftleg oversikt over helsetilstanden i fylket og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på denne, jf. folkehelselovas (fhl.) § 21, 1. ledd. Oversikten identifiserer folkehelseutfordringane i fylket. Utviklingstrekk som kan skape eller oppretthalde sosiale eller helsemessige problem eller sosiale helseforskjellar skal ha særleg merksemd. Oversikten over fylkeskommunens folkehelseutfordringar skal inngå som grunnlag for arbeidet med planstrategien, jf. fhl. 2. og 3. ledd.

Rapportane *Oversikten over folkehelse i Rogaland 2019* og *Bærekraftig utvikling i Rogaland – utfordringer og muligheter* viser at det er gjort eit grundig arbeid for å kartlegge helseutfordringar og ressursar i fylket. Det går likevel ikkje klart fram av planstrategien eller tilhøyrande vedlegg at det er gjort nødvendige drøftingar og vurderingar av planbehovet knytt opp mot desse folkehelseutfordringane. Dette må rettast ved å gi ei tydeleg omtale av kva folkehelseutfordringar som skal prioriterast i planarbeidet.

Dersom fylkeskommunen vurderer at dei aktuelle folkehelseutfordringane allereie er tilstrekkeleg ivaretatt i eksisterande planar, må det grunngjenvæst i planstrategien. Dersom oversikten over fylkeskommunens folkehelseutfordringar viser at fylket har slike utfordringar på eit eller fleire områder, men utan tilstrekkelege planar for dette, bør dette drøftast i samband med planstrategien. Vi viser også til Helsedirektoratets rettleiar til oversiktsforskrifta frå 2019.

Høyringsforslaget legg opp til revisjon av Regionplan for folkehelse, satsingsområda skal framleis vere aktuelle, men det er behov for å lage ny handlingsplan som omfattar nokre fleire tema. Den eksisterande regionalplanen blei utarbeida i 2012, på dette tidspunktet var oversiktsarbeidet lite utvikla og systematisk. Korvidt vidareføring av desse satsingsområda frå 2012 samsvarar med dagens folkehelseutfordringar burde vore nærmare omtalt i planstrategien og må uansett bli tema i samband med den planlagde revisjonen.



Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2019-2023) viser til områder som skal prioritertast for ivaretaking av nasjonale interesser i planlegginga. I det må det også ligge ei vurdering av om fylkeskommunens planar dekker regjeringas prioriteringar innafor ulike fagområde. Det må mellom anna vurderast korleis ein skal følgje opp eit viktig nasjonalt satsingsområde som *Leve heile livet* som er regjeringa si kvalitetsreform for eit meir aldersvenleg samfunn og som syner behovet for livsløpsperspektiv og universell utforming i samfunnsplanlegginga. Sosial bustadpolitikk er avgjerande i ein heilsakleg communal innsats for utjamning av sosial helseforskellar. Vi viser elles til viktige nasjonale satsingsområde innafor tiltak mot fattigdom og utjamning av sosiale forskellar, sosial bustadpolitikk, universell utforming, psykisk helse og rus. Vi ser at enkelte av desse tema blir omtalt i planstrategien, men saknar ei endå tydelegare klargjering og føringer for korleis slike nasjonale satsingsområde blir følgt opp i regional planlegging.

Klimaomstilling

Overgangen til lågutsleppssamfunnet er ei svært sentral og viktig samfunnsoppgåve og vi støttar prioriteringa om utarbeiding av ein klimaomstillingsplan.

Naturvern og biomangfald

Rogaland er no det einaste fylket i Noreg utan nasjonalpark. Gjennom mange gode forslag i heile landet til supplerande vern, er det kamp om avgrensa ressursar til å gjennomføre nye ver neprosessar. Vi vil rá Rogaland fylkeskommune til å vente med å ta stilling til rullering eller avvikling av regionalplanen for Prekestolområdet til dess prosessen for nasjonalparkstatus på områder rundt Lysefjorden er meir avklart.

Rogaland har eit særmerkt biomangfald med viktige artar knytt til kulturlandskap, våtmark, kyst og naturskog. Vi støtter behovet for å utarbeide ein regional strategi for ivaretaking av naturmangfald.

Landbruk

Det er forslag om å avvikle Regionalplan landbruk som eigen plan og slå denne saman med Regionalplan for sjøareal og Bioøkonomistrategien. Målet skal vere å få ei meir heilsakleg overbygging og satsing på matregionen Rogaland. Vi støttar desse intensjonane, men er i utgangspunktet skeptiske til at Regionalplan landbruk skal avviklast som eigen plan. Utfordringsbiletet og fokusområda med tilhøyrande strategiar og tiltak i Regionalplan landbruk er framleis tidsaktuelle, sjølv om dei er noko mangelfulle når det gjeld klimautfordringa. Landbruk er ei viktig næring og verdiskapar i fylket, i dette ligg også landbruket si viktige rolle for sysselsetting og busetting i distrikta. Det er derfor avgjerande at ei eventuell samanslåing av eksisterande planar ikkje svekkjer merksemda på landbruket i regionen.

Strategi for areal- og kraftkrevjande verksemd

Fylkesmannen har tidlegare etterlyst overordna regionale vurderinger knytt til lokalisering av arealkrevjande næringar. Vi viser til dømes til planane om datalagringssenter ved Kalberg i Time der vi har etterlyst ein regional strategi for lokalisering av slike omfattande verksemder, i den saka peika vi eksempelvis på Gismarvik i Tysvær som eit betre alternativ. Vi støttar derfor utarbeiding av ein overordna strategi for lokalisering av areal- og kraftkrevjande verksemd. Regjeringa har som mål at Noreg skal vere ein attraktiv nasjon for datasenter og anna databasert næringsliv, jf. også Nærings- og fiskeridepartementets strategi «Norge som datasenternasjon». Det er samstundes viktig å sørge for at etablering av store næringsareal til slike og andre næringar i minst mogleg grad kjem i konflikt



med viktige nasjonale og regionale omsyn som til dømes natur- og jordvern. Ein regional strategi på dette området vil bidra positivt, og kan gi meir føreseielege prosessar i slike saker. Vi oppmodar derfor fylkeskommunen til å forsera arbeidet med ein regional strategi for lokalisering av datalagringsanlegg og liknande. Utviklinga skjer raskt på dette feltet og fleire av lokaliseringane som er foreslått den seinare tid er i strid med viktige regionale og nasjonale arealinteresser.

Massehandtering og byggeråstoff

Det blir føreslege å slå saman Regionalplan for massehandtering på Jæren og byggeråstoffplanane for Jæren og Ryfylke og utvikle ny felles plan for heile Rogaland. Handtering av overskotsmasse og byggeråstoff heng tett saman og vi meiner at ei samanslåing slik høyrringsutkastet legg opp til, vil bidra til å få betre ressursøkonomi og miljøvenleg handtering av overskotsmassar og uttak av byggeråstoff.

Massehandtering og masseuttak er arealkrevjande og kan føre til konflikt opp mot jordvern, miljø, natur og landskap. Ein samla plan for heile fylket vil betre kunne løyse dagens utfordringar knytt til desse utfordringane og gi meir føreseielege prosessar i slike saker.

Ta gjerne kontakt om det er tema de treng utdjupa tilbakemelding frå oss på. Lykke til vidare med planstrategien og prioritering av planarbeid for Rogaland.

Med helsing

Lone Merethe Solheim
fylkesmann

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent